

Kvinnherad kommune

Planstrategi 2020-2023

Vedteke av kommunestyret 22.10.2020



Innhald

| | |
|---|----|
| 1. Føremålet med planstrategien er å fastslå kva planar vi treng i valperioden..... | 3 |
| 2. Rammer og føringar..... | 4 |
| 2.1. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging | 4 |
| 2.1.1. Folkehelse | 4 |
| 2.1.2. Klima og miljø | 5 |
| 2.1.3. Beredskap | 5 |
| 2.2. Kommuneplanen sin samfunnsdel set retninga for planstrategien | 6 |
| 2.2.1. Målsetjingar for Kvinnherad fram mot 2050 | 7 |
| 2.2.2. Strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel perioden 2019-2023 | 8 |
| 3. Prioriterte planoppgåver 2020-2024 | 10 |
| 4. Prioriterte oppgåver innan administrasjon og organisasjon, 2020-2024..... | 12 |
| 5. Vedtekne planar i perioden | 12 |
| 6. Planarbeid som utgår | 13 |
| 7. Oversikt ressursbruk til ulike plantypar..... | 13 |
| 8. Privat reguleringsplanlegging | 14 |
| Vedlegg 1. Pågåande planarbeid | 15 |
| Pågåande: Kommuneplan og kommunedelplanar | 15 |
| Pågåande: Områdereguleringar | 16 |
| Pågåande: Detaljreguleringsplanar (offentlege) | 16 |
| Pågåande: Temaplanar | 17 |
| Pågåande: regionale og interkommunale planar | 17 |
| Pågåande: Andre planrelaterte prosjekt | 17 |
| Vedlegg 2: Evaluering Planstrategi 2015-2019..... | 18 |
| Vedlegg 3: Kjelder..... | 19 |


1. Føremålet med planstrategien er å fastslå kva planar vi treng i valperioden

Planstrategien er ikkje ein plan i seg sjølv, men ei oversikt over kva planar som skal prioriterast i valperioden (2019-2023).

I samfunnsdelen til kommuneplanen vert det gjort ein grundig analyse av utfordringar i kommunen, og staka ut ein tydeleg kurs for framtida med mål og strategiar. Planstrategien skal altså svare på dette ved å fastslå kva planar som bør lagast i perioden 2020-2023 (pbl. § 10-1).

Evalueringa av planstrategien 2015-2019 syner at lista over planar som skal lagast fort vert utdatert. Det er som kjend vanskeleg å spå; verda er i endring, nye planbehov oppstår samstundes som ein stor del av dei opphavlege planbestillingane ikkje vert prioritert eller mistar relevans. Difor har ein teke desse grepa i denne planstrategien:

1. Streng politisk prioritering av ressursbruk til planarbeid (økonomi og menneskap).
2. Beredskap for flaks: Opne rom for nye planar og prosjekt som kjem i løpet av neste periode.
3. God oversikt over planarbeidet: Både planar som er under utarbeiding og prioriterte planar dei neste 4 åra, med utgangspunkt i vedteken planstrategi. Oversikten vert jamleg oppdatert og såleis eit levande dokument etter at planstrategien er vedteken.



2. Rammer og føringar

2.1. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

I tillegg til plan og bygningslova (pbl.) er FN sine berekraftsmål, «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» (2019) og «Veileder – Kommunal planstrategi» (2011) lagt til grunn for planstrategien. Det er eit særleg fokus på folkehelse, klima og miljø, og beredskap.



2.1.1. Folkehelse

Folkehelseoversikta 2020-2023 danner grunnlaget for planstrategien, og har eit spesielt fokus på berekraft i den sosiale dimensjonen, som ein klar samanheng til folkehelsearbeidet. Fram til i dag har sosiale forhold fått mindre merksemd enn dei to andre dimensjonane i berekraftsmåla – miljø og økonomi.

I dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging for 2019-2023 legg regjeringa vekt på at kommunane skal planleggje for å skape ei berekraftig samfunnsutvikling, sikre sosial rettferd og god folkehelse. Helse er ikkje berre eit resultat av individuelle forhold og levevanar, men blir òg påverka av levkår og strukturelle forhold som inntekt, arbeid, oppvekst, utdanning og bu- og nærmiljø. Planlegging gjer kommunen moglegheit til å omfordele slike påverknadsfaktorar. Kommunen kan kome til å svekke den sosiale berekrafta og vidareføre uheldige miljø- og samfunnsmessige forhold om ein ikkje er medvitne på dei relevante påverknadsfaktorane og korleis desse blir fordelt i folkesetnaden.

Folkehelseoversikta løftar fram følgjande utfordringsområde for Kvinnherad kommune:

Demografi

Kommunen er prega av fråflytting og ein aldrande folkesetnad. Etter vidaregåande skule flyttar mange ut av kommunen for vidare studiar eller arbeid. Arbeidsinnvandringa har stagnert, og kommunen har synkende fødselstal. Dette skaper utfordringar for tenestetilbodet og rekrutteringa av arbeidskraft.

Levekår

Det er synleggjort ein stor variasjon i tenestetilbodet innan oppvekst. Ungdom er ikkje nøgde med kollektivtilbodet. Kommunen svarar dårleg på arbeidsplassdekning, og ein har ein høg grad av unge eineforsørgjarar. Det har vore ei låg valdeltaking over tid, og det er eit markant fråfall i frivillig deltaking

hjá ungdom. Ein geografisk spreidd kommune med mange små bygdesamfunn gjer det krevjande å gje same tilbodet til alle. I nokon grad har kommunen ein einssidig arbeidsmarknad knytt til små lokalitetar.

Ei låg arbeidsplassdekninga gjer det vanskeleg å finne anna arbeid om ei verksemd innstiller eller legg ned. Helsa og deltakinga i samfunnet blir råka negativt om ein ikkje kan reise til offentlege tenester eller fritidsaktiviteter. Dette er faktorar som skapar store skilnadar i kommunen. Dette har òg konsekvensar for samfunnsutviklinga som heilskap.

Korleis vi lev liva våre, skadar og ulykker

Kvinnherad har hatt ei auke i livsstilsjukdomar og psykiske lidingar. Kommunen har ei auke i meldte saker knytt til sosiale media og internett, og ein har framleis høge tal på muskel- og skjelettplager. Kvinnheringar ser ut til å eldast raskare enn snittet i fylket. Ein veit at det for alle vurderte sjukdomar, er aukande risiko med lågare sosioøkonomisk status, og med samansette, og for nokon, kompliserte årsaksforhold. Det er ikkje nødvendigvis enkeltårsaker som peiker seg ut.

Risiko for uføretrygd

Som eit godt døme på samansette årsaksforhold er «Risikoindeks for folkehelse» (AUD-rapport 12-19), utarbeidd for Vestland fylkeskommune. Her er det identifisert fem samfunnsforhold som har samvariasjon med uføretrygd. Indeksen er ein god peikepinn på korleis kommunen ligg an i forhold til berekraft, og spesielt berekraftsmål nr 3; «sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder». Desse bakomliggjande forholda gjer at Kvinnherad ligg dårleg an indeksen. Om ein retter inn tiltak der kommunen er sårbar for auke i uføretrygda, vil dei truleg samstundes forbetre andre aspekt ved folkehelsa.

| Kommune/Variabel | Snittalder | Grunnskule | Eineforsørgjar | Verksemder | Låginntekt | Risikoindeks |
|------------------|------------|------------|----------------|------------|------------|--------------|
| | 27 % | 27 % | 21 % | 16 % | 9 % | |
| Kvinnherad | 58 | 55 | 72 | 66 | 33 | 59 |
| Stord | 22 | 52 | 58 | 61 | 29 | 44 |
| Bømlo | 25 | 54 | 46 | 76 | 26 | 46 |

Tabell: Utdrag frå Risikoindeks frå folkehelse 2019 Vestland

2.1.2. Klima og miljø

På eit overordna nivå er klima og miljø godt dekkja gjennom arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, med ambisiøse mål og strategiar (sjå neste kapittel). Utfordringa er å få den samla planporteføljen til å følgja opp desse måla og strategiane slik at Kvinnherad faktisk tek sin del av klimakutta. Samstundes er klima- og energiplanen utdatert, det må lagast ein ny plan for å konkretisere korleis kommunen skal kutte i klimagassutsleppa i tråd med nasjonale krav.

Alle nye kommunale planar vert laga med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål om klima og miljø som ein føresetnad.

Når det kjem til lokal klimarisiko og naturfare,, vert dette handsama gjennom overordna ROS og beredskapsplanen. Naturfare vert vurdert i alle arealplanar og i enkeltsaker knytt til byggjesaker. Det vert gjort Kvinnherad kommune tek, og skal fortsette med å ta, ei pådrivarrolle blant kommunar innan kartlegging av naturfare, klimatilpassing og utsleppsreduksjon.

2.1.3. Beredskap

Kvinnherad kommune har samla prosedyrar, planar og andre naudsynte beredskapsdokument i kvalitetssikringssystemet *Compilo*, som vert oppdatert fortløpande. Overordna beredskapsplan er under arbeid og er venta ferdig innan 2020. Den set måla og rammene for overordna risiko -og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), som er venta ferdigstilt 2020.

| Tema i overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), venta slutthandsaming 2020: (status per haust 2020) | |
|---|------------------------------------|
| Svikt i kritisk infrastruktur, veg, straum og breiband | Atomulykker og radioaktiv stråling |
| Epidemiar og helseberedskap | Store ulykker og masseskadar |
| Dyresjukdomar og landbruk | Klima- og naturhendingar |
| Viljestyrt hendingar | Akutt forureining |


| Beredskap, vedtekne fagplanar (per 2020): | |
|--|---|
| Smittevernplan | Beredskapsplan for kommunale barnehagar |
| Pandemisk influensa | Beredskapsplan for skular |
| Beredskapsplan for vassforsyning | Nav beredskap |
| Plan for atomberedskap | |

2.2. Kommuneplanen sin samfunnsdel set retninga for planstrategien

Samfunnsdelen skal peike ut ei tydeleg retning for samfunnsutviklinga i Kvinnherad, og leggast til grunn for kommunen sine sektorplanar og eiga verksemd.

Handlingsdelen til kommuneplanen er eit eige dokument som syner konkret korleis kommunen følgjer opp samfunnsdelen av kommuneplanen i dei fire påfølgjande åra. Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen.

Handlingsdelen vert sett saman med den 4-årige økonomiplanen for kommunen og rullert kvart år (sjå figur under). Handlingsdelen skal òg koplatt opp mot det årlege kommunebudsjettet. For å sikre at kommuneplanen vert følgt opp, er det altså avgjerande at handlingsdelen vert tatt inn i økonomiplanen og årsbudsjettet for kommunen.



Planstrategien skal ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast (pbl. §10-1). Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er under rullering og er planlagt endeleg vedteke i 2021.

2.2.1. Målsetjingar for Kvinnherad fram mot 2050

(Atterhald om endringar i vedteken KPS)

Måla i kommuneplanen sin samfunnsdel seier korleis Kvinnherad som kommune og samfunn skal vere, kva ein skal fokusere på. Måla skal stå seg i fleire år, fram til ein ny samfunnsdel vil erstatte dei.



| | Kvinnherad 2050: | | FRISK | ATTRAKTIV | GRØN |
|--------|--|--------|------------|-----------|------------|
| Mål 1 | Er eit samfunn med små skilnader | FN-mål | 17,3,4,5, | 8,10, | 13,14, 15 |
| Mål 2 | Har eit godt bygdeliv med sentrum som drivkraft | FN-mål | 17,3,4,11, | | 13,14,15 |
| Mål 3 | Har eit allsidig og aktivt næringsliv | FN-mål | 17,5,11, | 8,9,12, | 13,14,15 |
| Mål 4 | Har betre kommunikasjonar i, til og frå Kvinnherad | FN-mål | 17,3,11, | 8,9, | 13,14,15 |
| Mål 5 | Har eit inkluderande og variert kultur- og idrettsliv | FN-mål | 17,1,3,11, | 10 | |
| Mål 6 | Har ei berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk | FN-mål | 17,2, | 9,12, | 6,13,14,15 |
| Mål 7 | Tek vare på den fantastiske naturen | FN-mål | 17, | 9,11,12, | 6,13,14,15 |
| Mål 8 | Kuttar klimagassutslepp med minst 40% frå 1990-nivå innan 2030 og er ein klimanøytral kommune innan 2040 | FN-mål | 17, | 9,11,12, | 6,13,14,15 |
| Mål 9 | Har ein effektiv og brukarvenleg kommunal forvaltning | FN-mål | 17, | 8,9 | |
| Mål 10 | Har god beredskap | FN-mål | 17,3, | 9, | 6,13,14,1 |

2.2.2. Strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel perioden 2019-2023

(Atterhald om endringar i vedteken KPS)

Desse strategiane syner *korleis* ein som kommune og samfunn skal handle for å oppnå måla. Strategiane er sortert etter hovudperspektiva **frisk, attraktiv og grøn**. Dei gjeld for valperioden 2019-2023 og skal reviderast etter dette.

| | |
|--|---|
| F R I S K | <ol style="list-style-type: none"> 1. Aktivt leggje til rette for bustader for ulike grupper med ulike behov – unge og eldre. 2. Motverke fattigdom og utanforskap i Kvinnherad. 3. Frivillige lag og organisasjonar må få alle med. 4. Sjå og ta vare på små innbyggjarar slik at ein skapar sterke vaksne 5. Skape trygge oppvekstmiljø og lokalsamfunn gjennom inkludering på tvers av aldersgrupper. 6. Opne for næringsetableringar i alle bygdesentrum samstundes som det vert satsa på sterke handelssentrum på Husnes og i Rosendal. 7. Skapa eit samlingspunkt for alle i kvar bygd. 8. La bygdelaga utvikle bygdene våre. 9. Samarbeid mellom kommunen og lokalt næringsliv for å kunne tilby nok og tenlege bustader i bygdesentra. 10. Arbeide for liv og fastbuande i sentrum året rundt. 11. Stille kommunale bygg og ressursar til rådighet for frivillige lag og organisasjonar. 12. Prioritere utbygging/vedlikehald av turløyper og fellesareal i nærmiljøa der folk bur. 13. Opprette fleire «BUA utstyrssentralar» 14. Ta vare på viktige kulturminne |
| A T T R A K T I V | <ol style="list-style-type: none"> 15. Arbeide politisk for å få statlege og regionale arbeidsplasser til regionsenter Husnes. 16. Aktivt jobbe for ny storskala industrisatsing med Grøn næringspark Kvinnherad 17. Realisere småskala og storskala hydrogenprosjekt 18. Sikre at kraftproduksjonen i størst mogleg grad vert nytta til lokal verdiskaping 19. God og effektiv kommunal sakshandsaming og god informasjon til innbyggjarane. 20. Beredskap for flaks: Kommunen samarbeider aktivt med næringslivet og regionen om nye prosjekt og initiativ. 21. Satse differensiert; utnytte dei ulike bygdene sine fortrinn 22. Leggje til rette for lokal verdiskaping ved utfartsområder (t.d. wc, parkering og anna infrastruktur) 23. Leggja til rette for og stimulera til å oppretthalda eksisterande matproduksjon og stimulera til nye produkt. Auka sjølvforsyningsgraden. 24. Aktivt støtta havbruksnæringa si satsing på innovasjon og berekraft. 25. Infrastruktur: Leggje til rette for at fleire skal bli mjuke trafikantar. |
| G R Ø N | <ol style="list-style-type: none"> 26. Innføre klimabudsjett og klimarekneskap for Kvinnherad som organisasjon og samfunn. 27. Kommunen går føre ved å sette konkrete tiltak for utslippskutt i eigen organisasjon. 28. Set krav gjennom kommunal eigarmakt og innkjøpsmakt som gir klimakutt og berekraftig utvikling. 29. Laga gunstige ordningar som gjer at det lønar seg for innbyggjarar og næringsliv å velje berekraftig. 30. Leggje til rette for eit berekraftig reiseliv som sikrar lokal verdiskaping og ikkje aukar klimagassutsleppa i kommunen. 31. Sikre viktige friluftsområder for ettertida og merke ferdselsårer (turløyper) for fastbuande og turistar frå bygdesentrum, gjennom kulturlandskapet og ut i naturen. 32. Redusere klimagassutslepp frå landbruket gjennom god agronomi, auka beitebruk, skogplanting, mindre transport og satsing på biogass |

2.2.3. Arealstrategiar

(Atterhald om endringar i vedteken KPS/KPA)

Kommunen sine arealstrategiar er langsiktige og overordna prinsipp for arealbruk i framtida. Oppfølging av arealstrategiar skjer på alle plannivå: kommuneplan, reguleringsplan og i byggesaker. Arealstrategiane til Kvinnherad kommune skal sikre areala som gjer Kvinnherad frisk, grøn og attraktiv:

| | |
|--|--|
| F R I S K | <ol style="list-style-type: none"> 1. Ta vare på viktige friluftslivsområde 2. Leggje til rette for fellesanlegg i sjø og småbåthamner 3. Fortetting og effektiv arealutnytting i og nær tettstadane <ol style="list-style-type: none"> a. I og nær tettstadane skal utbygging skje etter vedtekne reguleringsplanar. I bygdene opnar ein for meir spreidd utbygging der arealdelen legg til rette for det. b. Regionsenteret Husnes skal planleggjast med sterke sentrumsqualitetar, gode tenestetilbod for heile Kvinnherad, tenleg infrastruktur og gode kommunikasjonar. c. Konsentrere bustadbygging innan gangavstand til næraste senter |
| A T T R A K T I V | <ol style="list-style-type: none"> 4. Vurdere areal for handtering av overskotsmassar, både mellombels og varig deponi, i heile kommunen. 5. Finne nye og vidareutvikle eksisterande næringsareal tilpassa ulike næringsføremål <ol style="list-style-type: none"> a. Beredskap for flaks b. Både i sjø og på land c. Arealbruk til grøn næring d. Vidare satsing på tilleggsnæring på gardane |
| G R Ø N | <ol style="list-style-type: none"> 6. Verne om dyrka og dyrkbar jord 7. Kraftig bremse nedbygginga av urørt natur og verdfulle naturmiljø |

Måla i kommuneplanen sin samfunnsdel seier kva slags samfunn Kvinnherad ynskjer, og strategiane er dei overordna føringane for korleis ein skal nå måla dei neste 4 åra. No kjem korleis Kvinnherad kommune heilt konkret vel å prioritere sine planressursar dei neste 4 åra for å spegle strategiane og jobbe i retning av dei 10 måla. Her kjem òg prinsippet om «Beredskap for flaks» til uttrykk: Jo lenger fram i tid, desto meir ope handlingsrom for nye planar og oppgåver som ein av erfaring veit kjem.

| 3. Prioriterte planoppgåver 2020-2024 | | | | | | | |
|---------------------------------------|---|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|---|
| Sak | Kommuneplan (KP) og kommunedelplanar (KDP) | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Kommentar |
| 2018/1367 | KP Samfunnsdel | x | x | | | | |
| 2018/1367 | KP Arealdel | x | x | | | | |
| | KP Arealdel | | | | x | x | Temarullering, areal til fritid og turisme |
| 2013/444 | KDP Kulturminne | x | x | | | | |
| 2019/625 | KDP Samferdsle | x | x | | | | |
| | KDP Klima, miljø og energi | | x | x | | | |
| 2015/1941 | KDP Regionsenteret Husnes | | x | | | | Vedteke planprogram 2019 |
| | KDP idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv | | | x | | | Rullering |
| 2018/2058 | KDP Strategisk næringsplan | x | x | | | | Planprogram vedteke 2019 |
| | KDP Kulturplan | | | | x | x | |
| | | | | | | | |
| | Områdereguleringar | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Kommentar |
| 2019/394 | OR Rosendal | x | x | | | | |
| 2019/377 | OR Sunde | x | x | x | | | |
| 2019/3417 | OR Grøn næringspark | x | x | | | | |
| | OR Sæbøvik | | | | x | x | |
| | OR Uskedalen | | | | | x | |
| | OR Valen | | | | | x | |
| | | | | | | | |
| | Detaljreguleringar | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Kommentar |
| 2019/2904 | Heradstun | x | x | | | | Offentleg ettersyn |
| | Reguleringsendring «Byen Husnes» | x | x | | | | Trafikksikring og ny kollektivterminal Husnes |
| 2019/ | Ny ferjekai Varaldsøy | x | | | x | x | Avh. av VLFK |

| | | | | | | | |
|-----------|---|------|------|------|------|------|--|
| 865 | | | | | | | |
| | Lundsbyggane gang og sykkelveg | x | x | | | | Oppstartsmøte halde |
| | Fjelberg-sambandet | x | x | | | | |
| | Sikringstunnel Kroka-Sundal | x | x | | | | Offentleg ettersyn |
| | Opsanger - Porsvik | x | x | x | | | |
| | Kaldestadvegen gang- og sykkelveg | | x | x | x | | |
| | Industriområde Årsnes | | | x | x | | |
| | Omsorgsbustader v/ Halsnøytunet | | | | | x | Vedtak 2018, del av bustadpakken. |
| 2020/71 | Detaljregulering Erslandsparken | x | | | | | Offentleg ettersyn |
| 2019/1179 | Detaljregulering Børnes industriområde | x | | | | | Offentleg ettersyn |
| | Detaljregulering besøksmål Bondhusdalen | | x | x | | | |
| | Detaljregulering for næringsområde NN-1 | | | x | x | | Beredskap for flaks-investering |
| | Detaljregulering for næringsområde NN-2 | | | x | x | | Beredskap for flaks - investering |
| | Detaljregulering for næringsområde NN-3 | | | | | x | Beredskap for flaks - investering |
| | Detaljregulering for næringsområde NN-4 | | | | | x | Beredskap for flaks - investering |
| | | | | | | | |
| | Temaplanar | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Kommentar |
| | Reiselivsplan (med cruisestrategi) | x | x | | | | |
| | Bustadsosial handlingsplan | x | x | | | | |
| | Plan for friluftslivet sine ferdselsårer | | x | | | | |
| | Frivilligplan for Kvinnherad | | x | x | | | |
| | Eldreplan | | x | | | | |
| | | | | | | | |
| | Andre planrelaterte prosjekt | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Kommentar |
| 2018/3082 | Sunnfast | x | x | x | x | x | |
| | Kvikkleire-kartlegging | | x | x | | | |
| | Utbetring og trafikkisikring gjennom Løfallstrand | | x | x | | | Vurdere eksisterande og nye planar langs |

| | | | | | | | |
|--|---|---|---|--|---|---|-----------------------------|
| | | | | | | | FV500 gjennom Løfallstrand. |
| | Folkehelseoversikta | x | | | x | x | |
| | Overordna ROS-analyse | x | | | x | | |
| | Overordna beredskapsplan | x | | | x | | Rullering |
| | Akseptkriterium for risiko og sårbarheit ved arealplanlegging | | x | | | | Rullering |

4. Prioriterte oppgåver innan administrasjon og organisasjon, 2020-2024

| Strategi/plan | Kommentar |
|-----------------------------------|---|
| Organisasjonsplan | Skal oppdaterast |
| Strategisk arbeidsgjevarepolitikk | Inkl. mellom anna: strategiar for heiltid/deltid, leiarprogram, kompetanse/rekruttering, vikarpool, nærværarbeid) |
| Strategisk kompetansestyring | Særleg innan helse/omsorg |
| Kommunikasjonsstrategi | |
| Innkjøpsreglement/strategi | |
| Eigarskapsstrategi | |
| Strategiar for bustadutvikling | (tidl. ein del av Bustadpakken) |

5. Vedtekne planar i perioden

| Sak | Planarbeid | Status | Konsulent | Finansiering |
|-----------|---|--|---------------|----------------|
| 2018/2569 | Kommunedelplan omsorg, helse og sosial | Vedteken 29.08.2019 | | Driftsbudsjett |
| 2018/2922 | Detaljregulering idrett/skule Husnes | Vedteken 29.11.2018. Ventar på mindre endring. | Multi-consult | Inv.-budsjett |
| 2015/33 | Kommunedelplan Landbruk | Vedteken juni 2020 | Eigenprod. | Driftsbudsjett |
| 2017/1252 | Detaljregulering gang- og sykkelsti Herøysundet | Vedteken september 2020 | Multi-consult | Inv.-budsjett |

| 6. Planarbeid som utgår | | | | | |
|-------------------------|--|---|--|---------------|---------------|
| Sak | Planarbeid | Status | Grunngjeving | Kon-sulent | Finans-iering |
| 201 7/2 33 | Detaljregulering Fv. 48 Løfallstrand | Arkeologisk utgreiing gjennomført. Rapporten frå VLFK viser at det er store konflikhtar med kulturminne. Det er knytt store ekstrautgifter til dette. | Må ha ekstraløyving for å fortsette arbeidet. Planavdelinga ser på dette vegprosjektet som lite realistisk og at andre samferdsleprosjekt bør prioriterast før dette. Kommunens skal heller sjå på opprusting og trafikkisikring av eksisterande Fv gjennom Løfallstrand. (Sjå kap. 3) | Multi-consult | Inv.-budsjett |

| 7. Oversikt ressursbruk til ulike plantypar | | | |
|---|---|------------------------------|---------------------------------|
| Plantype | Gjennomføringstid (frå oppstart til vedtak – tenkt gjennomsnitt) | Arbeidstimar (eigne folk) | Konsulentpengar |
| Kommuneplan samfunnsdel | 2 år | 1,5-2 årsverk | 100 000 – 500 000,- |
| Kommuneplan arealdel | 3 år | 2,5-3 årsverk | 500 000 - 1 000 000,- |
| Områderegulering | 2 år | 1-1,5 årsverk | 1 500 000 -2 500 000,- |
| Detaljregulering | 2 år | 0,5-2 årsverk | 1 000 000 – 1 500 000,- |
| Kommunedelplan | | 0,5-1 årsverk | 50 000 – 100 000,- |
| Temaplanar | 1 år | 0,25-0,5 årsverk | 0 – 100 000,- |
| Planrelaterte prosjekt (Sunnfast – naturfarekartlegging mv.) | - | 0,5-3 årsverk pr. stk. | 100 000 – 2 000 000 pr. stk. |

Kommentar til ressursbruk

Det er ei vanskeleg øving å seie noko heilt treffsikkert om ressursbruk knytt til dei ulike planarbeida. Dette fordi det er stor usikkerhet knytt til prosessane og kva som vil/kan oppstå undervegs i dei ulike planane. Usikkerheita kan til dømes vere knytt til politiske ynskje og val undervegs, det kan vere interessekonflikt med regionale og statlege styresmakter, eller private næringsinteresser. Nokre gonger vert det avdekka trong for ytterlegare utgreiingar som kan ta tid og koste pengar.

Tabellen over er basert på planavdelinga si erfaring og viser eit *tenkt gjennomsnitt* både når det gjeld tid, årsverk og pengebruk. Planavdelinga ser at når det er så mange planarbeid som er i prosess på ein gong, fører det til at planprosessane dreg ut i tid då kapasiteten er sprengt. Dette gjeld både kapasiteten

til administrasjonen og kapasiteten til dei politiske utvala, då mange av planarbeida krev god politisk forankring. Det har særleg vist seg at rullering av arealdelen til kommuneplanen dreg ut i tid når det skal lagast svært mange andre arealplanar parallelt. Detaljplanar med innleide konsulentar og strame tidsfristar vert ofte prioritert.

Planavdelinga ser òg at det er ressurskrevjande å jobbe opp mot innleide konsulentar som treng tett oppfølging med kompetanse og lokalkunnskap som våre egne tilsette har. Det er ein avgjerande viktig ressurs for kommunen at ein har tilstrekkeleg med egne tilsette som har god kompetanse og lokalkunnskap som det er trong for i planarbeida. Planlegging og planfaget vert meir og meir kompetansekravjande og noko av denne kompetansen må kommunen uansett kjøpe som konsulenttenester. Då er det viktig at kommunen har egne planleggjarar som kan vere gode på kvalitetssikring og bestilling. Om kommunen skal nå måla som vert sett i samfunnsdelen er det viktig at det vert satsa på samfunnsutvikling og planlegging.


8. Privat reguleringsplanlegging

Når private forslagsstillarar fremjar eit planinitiativ for ei ny detaljregulering, får dei kommunen si vurdering av dette. Planinitiativet gjev eit godt grunnlag til oppstartsmøte, som igjen skal gje planarbeidet ein god og føreseieleg start. Kommunen bør såleis gjere ei grundig vurdering av planinitiativet tidleg i prosessen. Det er ynskjeleg at forslagsstillar søkjar dialog med kommunen tidleg i dette arbeidet, for å avklare forventningar og omfang. Dette er viktig for å unngå at forslagsstillar legg ned masse ressursar i planarbeid som likevel ikkje fører til vedtatt plan. Dersom kommunen vil stoppe eit privat planinitiativ, så skal dette difor gjerast så fort som mogeleg, og seinast like etter oppstartsmøte. Planprosessar er difor særskilt krevjande i startfasen.

Eit privat planarbeid blir fort kommunen sitt ansvar, og straks eit politisk utval har vedteke å leggje eit planforslag ut på høyring, så vert planarbeidet også kommunen sitt. Det er difor særskilt nyttig med kvalitet på arbeidet i startfasen. Då sikrar ein føresetnadane for det vidare arbeidet. Små og store endringar av reguleringsplanane er ofte naudsynt, og kan vere lette eller tyngre prosessar.

På planavdelinga er det i dag ein tilsett som har handsaming av private reguleringsplanforslag som hovudoppgåve. Pr. no er det om lag 30 planar som er i prosess på ulike stadium. Det varierer mykje kor lenge ein slik planprosess pågår (frå 8 mnd til 5 år), og nokre planar får aldri vedtak av ulike årsaker.

Vedlegg 1. Pågåande planarbeid



Planprosess etter plan- og bygningsloven

| Pågåande: Kommuneplan og kommunedelplanar | | | | | | |
|---|--|---|-----------------------------|-------------------------|-------------|-----------------------|
| Sak | Planarbeid | | Neste pol. Tangering | Venta slutt-hand-saming | Kon-sulent | Finans-iering |
| 2018/1367 | Kvinnherad2050 Samfunnsdel | Utarbeiding av planforslag pågår. Mål utarbeidd på bakgrunn av innspel og medverknad frå innbyggjarane. Gjennomført ein dag med politisk verkstad med PTM og FO, der dei laga strategiar til samfunnsdelen. Dette vert sett saman og komprimert til høyringsversjon. | Vedtak høyring FO des. 2020 | Mai. 2021 | Eigen-prod. | Drifts-budsjett |
| 2018/1367 | Kvinnherad2050 Arealdel | Innspelsfase vart avslutta 31.10.2019. Arbeid med grovsiling er avslutta, og silingsvedtak er venta i oktober 2020. Utarbeiding av planforslag er i gang. Neste politiske tangering i okt. No arbeidar ein med finsiling (konsekvens- og verdivurdering + ROS-analyse). Planarbeidet ligg om lag 6 mnd. etter framdriftsplanen. Det er kome om lag 400 innspel til arealdelen, samt overordna innspel frå offentlege mynde. | Okt. 2020 | 2021 | Eigen-prod. | Drifts-budsjett |
| 2019/625 | Kommunedelplan samferdsle | Planprogram til vedtak endeleg godkjennast sept. 2020 Kommunedelplan for samferdsle er delt i 3, og prosessane føregår parallelt med PP. | Sept. 2020 | 2020 | Eigen-prod. | Investerings-budsjett |
| | | Del 1: Overordna mobilitetsstrategiar. Avrop i løpet av hausten 2020. | | 2021 | Konsulent | |
| | | Del 2: Rullering av trafikksikringsplanen. Varsel om oppstart mars 2020, innspelsfasen avslutta 18.05.2020. Planen er klar til offentlig ettersyn. | Sept. 2020 | Des. 2020 | Nor-consult | |
| | | Del 3: Hovudplan for vegar i kommunen. Arbeidet med planen er godt i gong. Arbeidet med vegnorm har vore ein del av dette arbeidet (men ikkje planen) og er venta vedteke sept. 2020. | Okt. 2020 | Jan. 2021 | Nor-consult | |
| 2018/2058 | Kommunedelplan Næring (strategisk næringsplan) | Vedteke planprogram. | | 2020 | Eigen-prod. | Drifts-budsjett |

| | | | | | | |
|--------------|-------------------------------|--|-------------|------------|------------|----------------------|
| 2013/ 444 | Kommunedelplan kulturminne | Vedteke planprogram. Arbeidet med sjølve planen er sett i gong vinteren 2020. | Vinter 2020 | Jan. 2021 | 3rW | Driftsbudsjett |
| 2019 /334 | Kommunedelplan Vatn og avlaup | Planforslag har vore på høyring, med frist 18.08.2020 for merknadar. Endeleg godkjenning er venta i sept. 2020 | Sept. 2020 | Sept. 2020 | Norconsult | Investeringsbudsjett |

Pågåande: Områdereguleringar

| Sak | Planarbeid | Status | Neste pol. tan-gering | Venta slutt-hand-saming | Kon-sulent | Finans-iering |
|---------------|---|--|-----------------------|-------------------------|------------|----------------------|
| 2019/ 377 | Område-regulering Sunde | Arbeid med planprogram starta. Planprogram på høyring mai til jun. 2020. Forventar fastsetting oktober 2020. | Haust 2020 | Vår 2022 | Norconsult | Havbruk sfondet |
| 2019/ 394 | Område-regulering Rosendal | Arbeid med planprogram starta. Planprogram på høyring mai til jun. 2020. Forventar fastsetting oktober 2020. | Haust 2020 | Vår 2021 | 3RW | Havbruk sfondet |
| 2019/ 3417 | Område-regulering grøn næringspark Kvinnherad | Oppstartsmøte gjennomført, arbeid med planprogram starta. | | Vår 2021 | Norconsult | Investeringsbudsjett |
| | | | | | | |

Pågåande: Detaljreguleringsplanar (offentlege)

| Sak | Planarbeid | Status | Neste pol. tan-gering | Venta slutt-hand-saming | Kon-sulent | Finans-iering |
|---------------|--|---|-----------------------|-------------------------|------------|---------------|
| 2019/ 1179 | Detaljregulering Børnes industriområde | Planforslag har vore på høyring haust 2020. | Jun. 2020 | Haust 2020 | ABO | Inv.-budsjett |
| 2017/ 3016 | Detaljregulering Fjelberg-sambandet | Midlertidig stoppa opp. Ventar på avklaring mtp økonomi. Ferjeavløysingsmidlar mv. Ordførar avklarar med det politiske miljøet hjå VLFK | Haust 2020 | | Norconsult | Inv.-budsjett |
| 2019/ 2904 | Detaljregulering Heradstun | Gjennomført oppstartsmøte sept. 2019. Planforslag i produksjon, og har vore på høyring haust 2020. | Jun. 2020? | Haust 2020? | 3RW | Inv.-budsjett |
| 2020 /71 | Detaljregulering Erslandsparken | Har vore på høyring haust 2020. | Jun. 2020? | Haust 2020? | Eigenprod. | |
| | Lundsbyggane gang og sykkelveg | Planid 20200006 Oppstartsmøte halde | | | | |
| | | | | | | |

| Pågående: Temaplanar | | | | | | |
|----------------------|----------------------------|------------|-----------------------|-------------------------|------------|---------------|
| Sak | Planarbeid | Status | Neste pol. tan-gering | Venta slutt-hand-saming | Kon-sulent | Finans-iering |
| | Plan for Oppvekstkår | På høyring | | 2020 | | |
| | Veteranplan | I arbeid. | | 2020 | | |
| | Overordna beredskapsplan | | | 2020 | | |
| | Bustadsosial handlingsplan | | | 2021 | | |
| | | | | | | |

| Pågående: regionale og interkommunale planar | | | | | | |
|--|--|--|-----------------------|-------------------------|------------|---------------|
| Sak | Planarbeid | Status | Neste pol. tan-gering | Venta slutt-hand-saming | Kon-sulent | Finans-iering |
| 2019/663 | Detaljregulering Fv.107 Austrepollen - Nordrepollen | Står i ro. Vestland fylkeskommune står for planarbeid. | | | | VFLK |
| 2019/663 | Detaljregulering rassikring Kroka-Sundal | (Flytt til ny liste) Har vore på 1. gongs høyring. Utarbeider planforslag til 2. gong. | sept. 2020 | Haust 2020 | | SVV |
| | Interkommunal plan for ferjesamband Stord - Kvinnherad | Står i ro. Vestland fylkeskommune står for planarbeid. | | | | |

| Pågående: Andre planrelaterte prosjekt | | | | | | |
|--|------------------------|--|-----------------------|-------------------------|-------------|-----------------|
| Sak | Planarbeid | Status | Neste pol. tan-gering | Venta slutt-hand-saming | Kon-sulent | Finans-iering |
| 2018/1367 | #kvinnherad2050 | Nettsida vert nytta aktivt til medverknad og informasjon i pågåande planarbeid | | | Zpirit | |
| 2018/3082 | Sunnfast | Forstudie sett i gang mars/april 2020 | | Haust 2020 | | |
| | Overordna ROS | | | 2021 | | |
| | Ny folkehelse-oversikt | Datagrunnlag ferdigstilt. Innspel frå organisasjonen våren 2020. | | Haust 2020 | Eigen-prod. | Drifts-budsjett |
| | | | | | | |

Vedlegg 2: Evaluering Planstrategi 2015-2019

Evaluering kap. 1-3

Planstrategien 2015-2019 vart laga utan at Kvinnherad hadde ein oppdatert samfunnsdel til kommuneplanen. Dette tomrommet vart fylt opp av planstrategien, der den fyrste delen (kap. 1- 3) i stor grad har eit innhald som ein elles finn i ein samfunnsdel, med ei brei og god skildring av Kvinnherad som samfunn, samt strategiar og oppfølging av desse. Dette gjer at dokumentet vert langt, 33 sider, og difor òg mindre tilgjengeleg for politikarar, administrasjon og innbyggjarar.

Tilråding:

Ny planstrategi må sjåast i samheng med ny samfunnsdel under utarbeiding. Planstrategien treng difor berre å vise til samfunnsdelen, og ein kan kutte store delar av teksten. Samstundes er det eit viktig poeng at samfunnsdelen gir føringar for kva planar som skal prioriterast i planstrategien. I praksis kan dette gjerast gjennom eit særskilt komprimert tekstdokument, på 2-3 sider, men vel innanfor rammene av dei nyaste statlege retningslinene.

Evaluering kap. 4 og Dette er sjølvve essensen i planstrategien. Kva planar, analysar og kartleggingar er det kommunen jobbar med no, og kva planar, analysar og kartleggingar skal prioriterast dei neste 4 åra. I utgåande planstrategi er det først ei 6-siders tematisk oversikt delt inn med avsnitt, over dei ulike kategoriane, med ein omtale. Så kjem ein oversikt over kva planar som utgår og ei liste over eksisterande planar ("vedlegg 1).

Tilråding:

Dei første 6 sidene kan i stor grad kuttast ut, då den same informasjonen kjem i lista over "eksisterande planar". Meir Konkret:

"4.1 Føresetnader" - kuttast kraftig ned, til kort avsnitt.

"4.2 -4.3" Vurdere å kutte dette avsnittet ut, då dei aktuelle analysane og kartleggingane òg er omtala i lista over planar (vedlegg 1).

"4.3- 4.9" Denne informasjonen kan kuttast kraftig ned og til dels flyttast til starten av dokumentet om statlege, regionale og kommunale føringar, og til dels inn i lista over prioriterte planar.

"4.10 Planar som utgår": Behalde denne. Dette er ein vanskeleg, men viktig jobb: å syne kva planar som av ulike årsaker ikkje lenger er aktuelle eller som politikarane ikkje lenger vel å prioritere.

Evaluering vedlegg 1 (Eksisterande planar) og vedlegg 2 (Prioriterte innspel)

Liste over planar. Ikkje oppdatert, masse nye planar har kome til, samstundes er det ein stor del av arbeidet som ikkje er blitt gjennomført, eller gjennomført langt etter tidsskjema.

Kva kan ein lære av dette?

Tilråding:

-Færre planar

-Opne rom for nye planar og prosjekt som kjem i løpet av neste periode ("beredskap for flaks").

-Ny, dynamisk liste: Både planar som er under utarbeiding og prioriterte planar dei neste 4 åra.

Vedlegg 3: Kjelder

- Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging» (2019)
- Veileder – Kommunal planstrategi (2011)
- Vestland Fylkeskommune - Kommunal planstrategi - synspunkt til kommunane i Vestland
- Vestland Fylkeskommune: Utviklingsplan for Vestland
- Vestland fylkeskommune: Risikoindeks folkehelse 2019 Vestland
- Planstrategi Løten kommune 2020-2024
- FNs berekraftsmål
- Gjeldande planstrategi for Kvinnherad kommune
- Materiale og føringar frå den nye kommuneplanen som er under arbeid
- Folkehelseoversikt for Kvinnherad kommune
- Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Kvinnherad kommune
- Kommunedelplanar for ulike verksemdområde
- Andre kommunale temaplanar, analysar, utgreiingar og større prosjekt
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (Kgl.res.)
- Statlege planføresegner
- Statlege plantetningslinjer
- Regional planstrategi
- Utfordringar for Vestland fylke (rapport frå fylkeskommunen)
 - Fylkesplan, fylkesdelplanar og interkommunale planar